




SURNADAL KOMMUNE

Reglement for ad hoc - utval

Vedteke i Surnadal kommunestyre 08.05.25, sak 22/25



Innleiing

Kommunestyret kan etter kommunelova § 5-7 opprette ad hoc-utval. Eit ad hoc-utval skal arbeide med konkrete problemstillingar etter eige mandat, og har ei avgrensa funksjonstid. Utvalet kan arbeide med førebauande behandling av saker, eller utføre særskilde oppdrag. Utvalet kan ha vedtaksmyndigheit dersom kommunestyret delegerer dette gjennom mandatet.

Oppnemning

Det er kommunestyret som opprettar ad hoc-utval, og vel medlemmar og varamedlemmar til utvalet. Utvalet skal ha minimum tre medlemmar. Kommunestyret kan velje fleire enn tre medlemmar til utvalet, uavhengig av formålets art og kompleksitet. Kommunestyret vel leiar og nestleiar av utvalet. Leiaren av utvalet skal alltid vere ein kommunestyremedlem.

Valde medlemmar av utvalet må ikkje vere folkevalde i kommunen frå før, men må vere valbare etter kommunelova § 7-2 og § 7-3.

Det er tilrådd at fleirtalet av medlemmane i utvalet er medlemmar eller varamedlemmar av kommunestyret, for å leggje best mogleg til rette for at alle kommunestyremedlemmar deltar aktivt i politisk arbeid.

Mandat

Kommunestyret skal vedta mandatet for utvalet når det blir oppretta. Det skal innehalde:

- namnet på utvalet
- ei skildring av utvalet sitt oppdrag og ansvar
- eventuell delegert vedtaksmyndigheit
- tidsramme for arbeidet
- økonomiske rammer for arbeidet
- retningslinjer for rapportering

Saksbehandling

Reglane for val, godtgjersle, møteoffentlegheit, innkalling og protokollføring er tilsvarande som for andre folkevalde organ i kommunen. Ordføraren har møte- og talerett i alle ad hoc-utval.

Kommunedirektøren si rolle

Kommunedirektøren og andre tilsette som kommunedirektøren utpeikar har møte- og talerett i alle ad hoc-utval. Kommunedirektøren er, eller utpeikar sekretær for utvalet sitt arbeid.

Sekretæren har mellom anna ansvar for å:

- leggje til rette for utvalet sine møte og arbeid
- skrive innkallingar og møtereferat/protokollar
- skaffe nødvendig dokumentasjon/materiell etter behov

Når utvalet førebur saker for oversending til seinare behandling i kommunestyret, er det kommunedirektøren som skal leggje fram saka med innstilling. Utvalet sine innspel skal følgje med og gjerast greie for i saka.

Dersom kommunestyret har gitt utvalet vedtaksmyndigheit gjennom mandatet, er det utvalet sitt vedtak som er innstillinga til kommunestyret.